

Møtereferat FAU Stord ungdomsskule

Dato: 18. april 2023 klokka 18.00

Til stades:

Rune Valvatne Ask, rektor
Mia Bjelland, 8b
Reidun Teistedal Dyrøy, 8c
Tor Inge Amdal, 8d
John Martin Mjånes 9a
Odd Ingvar Ur, 9b
Allison Thormodsæter, 9c
Marianne Kolstø 9d
Monica Lohela 10a
Anlaug Rygg Svensen, 10b
Cecilie Berger, 10c

Fråverande: Kristine Haugland, 8a, Vigdis Hope 8e, Vibecke Vågen, 10d

Saker:

1. Kameraovervaking

Skuleeigar har montert kamera i garderobane på grunn av hærverk og uro kring eigedommen. Dei er ikkje i drift i skuletida. Utanom skuletid er det lovleg å ha dei på. Per i dag har kameraa ikkje vore oppkopl. Eventuell framtidig bruk av kamera vert no sjekka opp mot lovverk, her skal det sikrast at det er lovleg med kamerabruk. Monteringa av kamera har hatt ein positiv effekt på skulemiljøet i garderobane, sjølv om kamera ikkje har vore på.

2. Overgangsarbeid

Overgang barne- og ungdomsskule; her har det vore nokre møter med barneskulane. Overgangsmøter handlar om informasjon kring einskildelevar, samansetting av elevgrupper, tiltak i 9a-saker (mobbesaker). Eit stort kull kjem inn til hausten.

Overgang ungdomsskule-vidaregåande. Overgangsmøter for god informasjonsflyt er planlagd i mai-juni. Elevar og føresette samtykker til kva informasjon som overførast. Elevar som har behov for å tryggast i møte med vgs kan kontakte skulen for ein prat før skulestart.

3. Utfordringar på åttandetrinnet

Markant betring i atferdsutfordringar. Nyttige tiltak, god utvikling (og modning). Elevane får skryt.

4. Narkotikaoppslag

Påreknelig at det dukkar opp saker der ungdom er i kontakt med rusmiddel. Balanse mellom å ivareta enkeltelevane, og oppslag/merksemd som

førebyggjande tiltak. Det er ikkje kjennskap om narkotikabruk på skulen, men skulen veit om sporadiske tilfelle i elevgruppa. Dersom skulen får mistanke om narkotikabruk blant elevar, blir dette formidla til og drøfta med føresette, og guida i høve lokale hjelpetiltak. Viktigaste førebyggjande tiltak er at foreldre og andre viktige vaksne er tett på, og tydelege i kva haldningar me har, kva grenser me har, og konsekvensar ved rusbruk.

FAU kan gjerne invitere inn til eit informasjonsmøte om tema om dette med politi/SLT? Dette vurderast vidare.

5. Kor lang tid kan ein forvente frå prøvar til vurderinga blir publisert?

Rektor seier at det ikkje skal ta lenger enn 14 dagar, ideelt sett. Sjukemeldingar og liknande kan kanskje forklare når det har vore lengre tidsaspekt. FAU ønskjer at lærar kommuniserer med føresette dersom det somme tider tek lenger tid. Tilbakemeldingane skal eleven lære av, og er viktige for vidare utvikling. Skjer publisering for foreldre i Visma parallelt med at elevane får svar på sine oppgåver? Viktigast at lærar brukar tida si på kommunikasjon med elevane og undervisning.

6. Kommunikasjon

FAU ønsker at det er ein lik praksis på skulen med felleskommunikasjon ut i Visma. Vekeplanar, prøveplanar, beskjed om møter, turar m.m.

7. Følgje med - systematisk

Alle skulane skal ha ein plan for korleis ein følger med (jamfør Opl. §9a/»mobbeparagrafen») Skulen har no eit felles fokus fram til ferien: Dei reaktive elevane («herjing»). I dag har det vore fellesmøte med alle elevane i parken, der rektor har informert om dette. Det blir laga ein plan for neste skuleår i høve systematisk arbeid med det å *følgje med*. Ulike punkt får fokus til ulike tider: Elevar som går åleine. Dei sårbare barna. Relasjonell aggresjon (utestenging). Etablert mobbing (frå gammalt av). Mobbesaker skulen jobbar med blir sjølv sagt følgd tett opp.

8. Mobilfri skule

Reglementet er ikkje tydeleg nok, for ein ser at det vert praktisert ulikt. Mobilane skal inn i skapet 08.15, og ut igjen når skulen er ferdig. FAU støttar dette.

9. Prøvereglement

Skulen ser at det er fleire tilfelle med mistanke om juks. Skulen sitt reglement bør justerast etter nasjonale prosedyrar ved eksamensjuks. Eleven skal bli høyrtdersom det er mistanke om juks. Skulen har «bevisbyrden». Rektor ønsker eit reglement som definerer juks, for å kunne handtere slike saker betre (kommunikasjon med andre, plagiat, bruk av ulovlege hjelpemiddel). FAU støttar tydelegare regeleverk.

10. Referat frå FAU

Føresette etterlyser referat frå FAU, dei må vere tilgjengelege for alle på heimesidene til skulen. Dei har blit lagt ut tidelgare, men er vekke no. Rektor følger opp.

11.Karakterfri skule? FAU snusar på ideen neste skuleår.

Dette var siste planlagde møte i FAU for i år. Blir eventuelt kalla inn ved behov mot slutten av skuleåret.

Takk for eit godt samarbeid!

Ref. C.Berger